

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 08.01.2015
Vår ref.: 2014/673-92
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.: «REF»

Prosjekt - Kulturminneplanar i kommunane 2013 – 2016 (KIK) - Invitasjon til samarbeid i 2015 og utlysing av midlar

Kommunedelplan for kulturminne

Med ansvar heimla i plan- og bygningsloven er kommunen ein særleg viktig offentleg aktør i kulturminnevernet.

Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av innsatsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. I 2013 vedtok fylkesutvalet målet om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Same år løyvde Riksantikvaren midlar til utvikling av kulturminnekompetansen i kommunane i Hordaland, og fylkeskommunen etablerte prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2014 (KIK)*. I økonomiplanen 2014-2017 har fylkestinget vedteke ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet, og det er sett av ressursar til kompetansebygging og rettleiing i kommunane.

Samarbeid:

Prosjektet har særleg fokus på kulturminneplanar og legg opp til samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, musea og frivillege i heile planprosessen:

- Rettleiing i ulike fasar av planarbeidet (planprogram, utforming av kommunedelplan og handlingsprogram, høyring mv).
- Utveksle erfaringar og idear i planarbeidet.
- Rettleiing, opplæring og kurs i kulturminneregistrering i samråd med kommunane, musea og frivillig sektor.
- Kompetanse i bruk av digitale kulturminneregister for kommunane (SEFRAK mv).
- Sakshandsaming av kulturminne, jf plan- og bygningslova og kulturminnelova.
- Kompetanseutvikling i høve verdivurdering av kulturminne, definering av omsynsoner, utarbeiding av føresegner mv.
- Praktiske kurs i bygningsvern.
- Utarbeiding av lister over alle kjende kulturminne i kommunen.

For meir informasjon, sjå prosjektet si nettside:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Til bruk i prosjektet har Riksantikvaren utarbeidd handbok i registrering av kulturminne, rettleiar for verdivurdering og utarbeiding av kulturminneplanar, og rettleiar for forvaltning av kulturminne,

kulturmiljø og -landskap. Meir informasjon finn ein på Riksantikvaren sin nettstad:
<http://www.ra.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen>

Status for kulturminneplanar i Hordaland:

Pr. januar 2015 er status for kulturminneplanarbeidet i Hordaland følgjande:

| | | |
|----|---|---|
| 8 | Kommunar med vedteken kulturminneplan | Fusa (1998), Jondal (2009), Lindås (2011), Modalen (2000), Odda (2012), Samnanger (2013), Stord (2009), Voss (2004) |
| 1 | Kommune med vedteken handlingsplan | Masfjorden (2009) |
| 20 | Kommunar som har starta arbeid med kulturminneplan | Askøy, Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjell, Granvin, Kvam, Kvinnherad, Meland, Radøy, Sund, Sveio, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Øygarden |
| 4 | Kommunar som ikkje har starta kulturminneplanarbeid | Bergen, Os, Osterøy, Tysnes |

Hordaland fylkeskommune oppmodar dei kommunane som ikkje har ein kommunedelplan for kulturminne eller som har ein plan som bør rullerast om å ta del i prosjektet.

Søknad om tilskot - Retningslinjer

I 2015 er det høve til å søkje tilskot til registrering av lokale kulturminne eller til planarbeid.

Kven kan søkje:

Alle kommunar i Hordaland som:

- planlegg å registrere kulturminne eller gjere analysearbeid som førebuing til utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.
- har gjort vedtak om utarbeiding av ny kommunedelplan for kulturminne eller rullering av gjeldande plan.
- har et vedteke kulturminneplan og vil få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden.
- har ein eldre vedteken kulturminneplan er skal rullerast.

Kva kan ein søkje om:

Kvar kommune kan søkje om inntil kr 200.000,- for heile prosjektperioden. Dersom ein kommune har fått tildelt kr. 100.000,- tidlegare er det anledning til å søkje om ytterlegare kr 100.000,- i tilskot.

Korleis:

Søknaden må innehalde

- Kortfatta prosjektplan med opplegg for registrerings- og/eller planarbeidet og ein realistisk framdrifts- og økonomiplan.
- Opplysingar om korleis planarbeidet er forankra (i gjeldande planstrategi eller i politisk vedtak om å utarbeide kommunedelplan for kulturminne).

Kommunane må vurdere om det er hensiktsmessig å gjennomføre planarbeidet saman med ein eller fleire nabokommunar.

Handsaming av søknadene:

MERK: Hordaland fylkeskommunen koordinerer søknadene frå kommunane i Hordaland og vidaresender felles søknad til Riksantikvaren, i tråd med vedlagte brev.

Tildeling av tilskot til kommunane vert gjort av Kultur- og ressursutvalet.

Andre vilkår:

Det er eit vilkår for tilskot at kulturminneregistreringane vert gjort tilgjengelege i databasen Kulturminnesøk eller andre basar som kan utveksle data med Kulturminnesøk og /eller Askeladden. Årleg rapport om gjennomført arbeid skal sendast til fylkeskommunen.

Søknad sendast:

Hordaland fylkeskommune,
Kultur- og idrettsavdelinga,
Postboks 7900
5020 Bergen
Eller epost - hfk@hfk.no

Søknadsfrist: 13. februar 2014

Dersom fristen er for knapp, kan kommunane sende førebels søknad innan fristen og ettersende utfyllande informasjon. For dei kommunane som ikkje har gjort politiske vedtak om utarbeiding av plan vert det mogleg å søkje støtte også i 2016, under føresetnad av vidareføring i neste års budsjett hos Riksantikvaren og i Hordaland fylkeskommune.

Kontakt Hordaland fylkeskommune: Elizabeth Warren - eliwarr@hfk.no – 95895468

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Brev frå Riksantikvaren